



Rolf Myklebust leiar no båtlaget. Her sit han på det førre årsmøtet mellom Frode Ludviksen og Rune Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Innbyggjarane i Uskedalen har forkjøpsrett ved sal av båtplass. Berre medlemmer med båtplass har røysterett på årsmøte. Desse to viktige vedtektsforslaga frå årsmøtet i fjor skal handsamast under årsmøtet i Uskedal Båtlag som blir halde på Stenplassen måndag 7. februar.klokka 19.**

Eventuelle nye forslag må sendast styret innan 31. Januar og kunngjerast 7 dagar før møtet. Då spørsmålet om sal av båtplassar var oppe på det siste årsmøtet vart det påpeika at Jondalstunellen har aktualisert dette.

Møtedeltakarane var for at båtplassene først og fremst må bli selde til folk frå bygda, men for å slå det fast er det naudsynt med den vedtektsendringa som no skal skje. I dei vedtektersom gjeld no heiter det at sal er oppe for alle. Ellers er det ordinære saker på dagsorden (se under).

Båtlaget blir no leia av Rolf Myklebust og med seg i styret har han Frode Ludviksen, Rune Myklebust, Endre Nilsen og Gunnar Leite medan Harald Erdal og Jan Henrik Hansen er varamenn. Rolf og Rune Myklebust er for tida harnesjefar.

På det førre årsmøtet vart det samrøystes vedteke at utleige av båtplasser ikkje skal gje avkorta avgift.Pengane går til båtlaget. Dette vert meir rettferdig for medlemmene og forenkler arbeidet for styret.

Av Ola Matti Mathisen



## Årsmøte

Mandag 7 Februar 2011 Kl.19.00

På Stemneplassen

Sak 1 Godkjenning av kunngjøring og innkalling

Sak 2 Val av Møteleiar

Sak 3 Val av Skrivar

Sak 4 Godkjenning av årsmelding

Sak 5 Godkjenning av Rekneskapen

Sak 6 Valg

Sak 7 Innkomne forslag

Forslag må sendes styre innen 31/1-11

Forslag fra årsmøte i fjor som skal behandles:

1. "Kun medlemmer med båtplass har stemmerett på årsmøte"
2. " Innbyggerne i Uskedalen har forkjøpsrett ved salg av båtplass"

Eventuelle nye forslag kunngjøres 7 dager før Møte

[Årsmøteinnkallinga ser slik ut](#)